

Samla merknadar:

Innkomne merknadar for Sentrumsplan Tråena i samband med 1. gangs handsaming og offentleg ettersyn
For Gnr 123/ Bnr 2, 30, 37, 16, 24, 33

Nr	Avsendar	Dato	
	Offentlege instansar – statleg		
1.	Statens vegvesen	Brev	31.1.2012
2.	Norges vassdrags- og energidirektorat	Brev	20.1.2012
3.	Fylkesmannen i Hordaland – kommunal- og samfunnsplanavdelinga	Brev	1.2.2012
4.	Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga	Brev	19.1.2012
	Private		
5.	Ingebjørg Kjerland Seim	Brev	18.1.2012

1. Statens vegvesen i brev av 31.1.2012:

Statens vegvesen visar til samhandlingsmøte 10.2.2012 mellom Granvin herad, Skyss og Statens vegvesen og telefonsamtale med Ebbe D. Meinild der ein vart samd om at endeleg tilbakemelding etter møtet 10.2.2012.

Svar:

Det har vore kontinuerlig dialog mellom planavdeling i Granvin herad, plankonsulent og Statens vegvesen i høve til utforming av kollektivterminal, avkøyrslar og andre trafikkfaglege problemstillingar.

2. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i brev av dato:

NVE fremjar motsegn (jf. PBL § 5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er at planen ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til dokumentert flaumfare i planområdet. Dersom areal som er flaumutsett i dag ved 200 års flaum vert synt på plankartet som omsynssone fareområde flaum, jf. PBL §12-9, og det vert knytt føresegnar til omsynssona som sikrar at utbygging kan skje med tilstrekkeleg tryggleik mot flaum, fell grunnlaget for motsegna bort.

Svar:

Etter dialog med NVE har en kome fram til ny og betra plassering av flausikringsvoll, jf. føresegnsområde #1 og 2. I tillegg har ein teke i bruk omsynssone H320 Flomfare over heile planområdet. Vidare er det sikra at flaumsikringstiltak er ferdig etablert før det vært gjeve byggeløyve innanfor planområdet, jf. planføresegnene § 2.3.3.

3. Fylkesmannen i Hordaland – kommunal- og samfunnsplanavdelinga i brev av 1.2.2012:

Fylkesmannen har ingen innvendingar til planen som har vore på høyring.

Svar:

Merknad er teke til etterretning.

4. Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga i brev av 19.1.2012:

Hordaland fylkeskommune presiserer at reguleringsplanen i hovudsak er i tråd med kommuneplan og gjeldande reguleringsplan, med kollektivknutepunktet som nytt element. Fylkeskommunen ser kollektivterminal på Eide som ei god løysing og dei konstaterer at Skyss har vore involvert i det vidare detaljplanarbeidet. Vidare ser dei planen som positiv for lokalmiljøet på Eide. Til slutt vert det vist til at dei ikkje har kjennskap til automatisk freda kulturminne i det aktuelle planområdet og at dei ser at det kjem fram korleis ein har tenkt å ta omsyn til kulturminne i planområdet.

Hordaland fylkeskommune har på grunnlag av dette ikkje avgjerande merknader til ny detaljreguleringsplan i det aktuelle arealet på Eide, Granvin.

Svar:

Merknad er teke til etterretning.

5. Ingebjørg Kjerland Seim i brev av 18.1.2012:

Kjerland Seim krev at ny grense mot eigedom 123/13 vert teke inn i kartet, og at plangrensa vert justert etter dei målingane som vart gjort 7.9.2011. Vidare spør hun kvifor byggjegrænse ikkje er vist i kartet. Kjerland Seim visar vidare til avtale med Granvin herad om at plassen mot grensa til 123/13 ikkje skal nyttast til parkering. Vidare kan ho ikkje sjå at gangvegen i området er teikna inn i kartet og vil veta kva som skal skje med denne.

Svar:

Grensa mot gnr./bnr. 123/13 er endra slik at ho er i tråd med nemnde måling. Byggjegrænse er jf. PBL 4 meter frå eigedomsgrense om ikkje anna er teke med i føresegna eller i plankartet. Området mot gnr./bnr. 123/13 er no ikkje satt som parkering i detaljreguleringsplanen og gangvegen som finns i området er teke med i kartet.